

# FOLK på FREDAG: Skogen+Stampestuen

Kulturhuset i Suldal

**Startar:** 18 okt 2019 | **KL 19:00**

**Sluttar:** 18 okt 2019 | **KL 00:00**

**Stad:** Kulturhuset i Suldal

Førehandssal av billetter på [www.suldal.kulturhus.no](http://www.suldal.kulturhus.no)

Inngang kr 250,-

## 18. oktober:

### Anne Elisebeth Skogen

Anne Elisebeth Skogen har drive som profesjonell forteljar dei siste tretten åra, og har vore spesielt oppteken av det første norske reisefølgjet som utvandra frå Stavanger til Amerika i 1825.

Med base i Suldal har Anne Elisebeth turnert på skular og delteke på festivalar og arrangement i Norge og USA med førestillinga «With Restauration through Hell Gate to The Promised Land». I kveld tilfører ho kjøt på beina til emigrantvisene me får høyra frå Stampestuen etterkvart. Med enkle verkemiddel dreg ho oss inn i ei anna tid og ei anna verd utan at me nesten merkar det.

### STAMPESTUEN

**Beate Børli Løkken** (vokal, salmodikon), **Annar By** (gitar, vokal), **Anders Lillebo** (trøorgel, piano, fløyte), **Jon Hjellum Brodal** (fele, hardingfele).

Stampestuen har namnet sitt frå ein husmannsplass i Stor-Elvdal. Beate sin tipp tipp-oldefar, Ola Andreassen Stampstuen (1818-1900) budde der, og gjekk under namnet Stampstugammer'n. Stova symboliserer på en god måte husmennene og kvardagsmenneska som er opphavet til musikken Stampestuen har fordjupa seg i. Muskarane er godt etablerte på den norske jazz- og folkemusikkscena, og har funne saman rundt ei interesse for gammal visemusikk. Som Anne Elisebeth er dei også historieforteljarar, og med gamle emigrantviser dreg dei oss inn i stemningar av håp, spenning og vemod frå skjebnane til dei som utvandra til Amerika.